



Møteprotokoll for Radøy eldreråd

Møtedato: 12.11.2018

Møtested: Kommunestyresalen

Møtetid: 13.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Norvald Elvik		Utvalsleiar
Magnar Klausen		Medlem
Oddbjørg Dragøy		Medlem
Berit Grindheim		Medlem
Torill Helland		Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Laila Seifaldet Pletten		Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Karin Halland		Laila Seifaldet Pletten

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Arealplanleggar Rolf Raknes i sak 020, økonomisjef Sveinung Kvamme i sak 021, møtesekretær Anne Dahle Austrheim

Saksliste

Saksnr	Tittel
017/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste
018/2018	Godkjenning av møtebok
019/2018	Meldingar og referatsaker
020/2018	Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - vedtak om 1. gongs høyring og offentleg ettersyn
021/2018	Budsjett 2019 - handsaming i eldrerådet
022/2018	Politisk styringsstruktur Alver kommune - uttale eldrerådet

017/2018: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Eldrerådet godkjende innkalling og saksliste.

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

018/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Eldrerådet godkjende møtebok for 10. september.

Vedtak:

Møtebok vert godkjend

019/2018: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Eldrerådskonferansen: Berit Grindheim og Magnar Klausen deltok på eldrerådskonferansen i Hordaland. Klausen orienterte frå eldrerådskonferansen i regi av Hordaland fylkeskommune. Han fortalte at mat for eldre var eit sentral tema. Mellom vart det presentert kor viktig det er med god og næringsrik mat på institusjonane, og kor viktig mat er for trivselen. Erfaring med tryggheits-sjukepleiar vart også presentert. Ein paneldebatt under konferansen tok for seg temaet om korleis ein kan få fleire over 60 år inn i politikken, med politikarar i panelet. Statens vegvesen presenterte trafikale kurs for eldre sjåførar. Professor Jan Fritjof Bernt orienterte om ny lov om eldreråd.

Velferdsteknologi: Eldrerådet var representert med fire medlemmar på velferdsteknologikonferansen på Frekhaug. Under orienteringar på fellesmøtet for eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne orienterte Torill Helland om konferansen. Det vart på konferansen mellom anna framheva at velferdsteknologi skal bidra til meir tryggheit, fridom og livskvalitet både frå brukarar og pårørande. Det vart peika på at velferdsteknologi-tiltak må ha god forankring både administrativt og politisk. Dette handlar ikkje om overvakning, men "å vaka over". Menneske og varme hender skal framleis vera den viktigaste ressursen, men velferdsteknologi skal vera eit supplement til anna omsorg / pleie.

I eldrerådet sitt møte vart det også informert om at ei brosjyre om velferdsteknologi skal ut til husstandane i Radøy med det første.

Eldrerådet tok meldingar og referatsaker til orientering.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

020/2018: Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - vedtak om 1. gongs høyring og offentleg ettersyn

Behandling:

Arealplanleggar Rolf Raknes orienterte og svara på spørsmål.

Planskildring, plankart og planføresegner er reviderte i kommuneplanen. Det er også gjennomført strandsone-analyse, som er lagt til grunn i temarevisjonen. Det er også lagt inn omsynssone for kulturminne, slik at kulturminne med størst verd får eit vern i kommuneplanen.

Eit viktig grep i kommuneplan-revisjonen er at det no vert opna for tiltak knytt til bustadhus på eigen tomt som no er i LNF (opp til 3 da), tilsvarande praksis som i regulerte område.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg i møtet:

Eldrerådet tar kommuneplan for Radøy - temarevisjon, til orientering.

Vedtak:

Kommuneplan for Radøy - temarevisjon, vert teken til orientering.

021/2018: Budsjett 2019 - handsaming i eldrerådet

Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte og svara på spørsmål. Han sa at budsjettet for 2019 er det siste som vert vedteke for Radøy kommune, og at dette budsjettet dannar grunnlaget for budsjett for Alver kommune for 2020. Samla rammetimetilskot og skatt aukar frå 292,5 mill. kroner i 2018 til 300,5 mill. i 2019. Den reelle veksten er på 2,74 prosent, i realiteten mindre enn pårekna prisvekst på 2,8 prosent. Rente- og avdragskonstnadene aukar ca 3 mill, både på grunn av auka rentenivå og auka investeringsnivå.

Økonomisjefen viste til at netto driftsbudsjett er negativt med 14,3 mill. Botnlina syner likevel eit mindreforbruk på kr 145.796,- etter bruk av fondsmidlar.

Han peika på at straumkostnadene og pensjonskonstadene aukar meir enn prisvekst. Auka klassetal på Manger skule, auka driftskostnader på SFO, og krava til bemanningsnorm i barnehagane gir auka driftskonstader. Det er også betydelege meirkostnader knytt til heimebaserte tenester.

Økonomisjefen sa at det ikkje er funne plass til stilling som ergoterapeut i 2019-budsjettet. Andre meirkostnader er knytt til Nordhordland brann og redning, gratis bruk av Radøyhallen for organiserte

aktivitetar for born og unge inntil 19 år, og eingongskostnader knytt til arbeid med ny kommune. Det er i rådmannen sitt budsjettframlegg lagt opp til investeringar for 139 mill. kroner i 2019. Av dette er 31 mill. investeringar i vatn og avløp. Ny barnehage på Bø står oppført med 47 mill. og oppgradering av Solhall med 25,4 mill, som dei klart største investeringane. Ny garderobe med universell utforming knytt til terapibasseng og ny heis i terapibassenget er lagt inn med 1 mill. kroner i investeringsbudsjett for 2019. Økonomisjefen sa at kommunen er i dialog med BOF om baderampe for rullestolbrukarar ved Nesvatnet. Det vert også arbeidd med betre parkeringstilhøve for funksjonshemma ved legesenteret.

Det må lånast 120,6 mill. i 2019 for å finansiera investeringane.

Eldrerådet gav uttrykk for at dei er tilfreds med budsjettet og opplever at deira innspel har vorte høyrt.

Det vart gjort følgjande felles framlegg i møtet:

Eldrerådet tar budsjett for 2019 og økonomiplan til orientering.

Vedtak:

Eldrerådet tar budsjett for 2019 og økonomiplan til orientering.

022/2018: Politisk styringsstruktur Alver kommune - uttale eldrerådet

Behandling:

Eldrerådet i Radøy har tidlegare drøfta saka i fellesskap med eldrerådet i Meland og Lindås.

Dei tre eldreråda har sendt inn felles innspel til organisering av eldreråd i Alver kommune:

Eldrerådet i Alver skal ha ni medlemmar, tre av desse er valt frå kommunestyret. Dei øvrige seks valt i kommunestyret etter framlegg frå pensjonistlaga i kommunen

Eldrerådet vel leiar og nestleiar.

Ved etableringa av rådet i ny kommune er pensjonistlaga sitt framlegg at to må koma frå Lindås, to frå Meland og to frå Radøy, og med tilsvarande val av personlege varafolk. Dei tre som vert valt frå medlemmane i Alver kommunestyre må òg representera underutvala i kommunen (teknisk/levekår/næring).

Eldrerådet er eit rådgivande organ som skal behandle alle saker som gjeld levekår for eldre i Alver kommune. Eldrerådet må bli tidleg involvert slik at ein kan koma med uttale og anmodning før politiske vedtak skjer i kommunen.

Kommunen må syta for at rådsmedlemmane får opplæring i eldrerådet sin funksjon og rolle, og at rådet si rolle ikkje vert svekka i forbindelse med kommunesamanslåinga.

Eldrerådet i Radøy vedtek det felles innspelet frå dei tre eldreråda i dei tre Alver-kommunane.

Vedtak:

Eldrerådet i Alver skal ha ni medlemmar, tre av desse er valt frå kommunestyret. Dei øvrige seks valt i kommunestyret etter framlegg frå pensjonistlaga i kommunen

Eldrerådet vel leiar og nestleiar.

Ved etableringa av rådet i ny kommune er pensjonistlaga sitt framlegg at to må koma frå Lindås, to frå Meland og to frå Radøy, og med tilsvarande val av personlege varafolk. Dei tre som vert valt frå medlemmane i Alver kommunestyre må òg representera underutvala i kommunen (teknisk/levekår/næring).

Eldrerådet er eit rådgivande organ som skal behandle alle saker som gjeld levekår for eldre i Alver kommune. Eldrerådet må bli tidleg involvert slik at ein kan koma med uttale og anmodning før politiske vedtak skjer i kommunen.

Kommunen må syta for at rådsmedlemmane får opplæring i eldrerådet sin funksjon og rolle, og at rådet si rolle ikkje vert svekka i forbindelse med kommunesamanslåinga.
